

Fiskereglar Etnevasdraget 2020

Fiskereglar for Etneelva og Sjørelva 2020

1. Fiske etter laks er frå: 15. juni (00:01) til 15. august (24:00)

Fiskedøgnet startar kl. 18.00 og varar til neste dag kl. 17.00
Sjøauren er freda.

2. Fiskeutstyr brukt i andre vassdrag **skal** desinfiserast før fisket startar. Etne Camping har utstyr til dette, ta vare på kvitteringa som dokumentasjon. Pga. smittefare er det ikkje lov å bruka slangesøkke eller flytedobbe fylt med vatn.

3. Det er berre tillete med stangfiske, og stanga skal ikkje forlatast som «sjølvfiskande». I begge elvane er det lov å fiska med: floge, spinner, sluk og mark, men fiskerettshavar på dei enkelte sonane kan forby markfiske. Avstanden mellom krokstamma og krokspissen skal ikkje vera større enn; 15 mm for enkeltkrok eller 13 mm for dobbel/trippel krok. Ved bruk av mark skal krokstørrelsen vera 3/0.

4. Fiskaren skal bruka tang til krok og skjelprøvar, og det skal nyttast fangstnett/håv utan knutar. Bruk av klepp er ikkje tillete.

5. Laks under 40 cm og vinterstøingar skal straks setjast ut att i elva.

I heile fiskesesongen skal all villaks over 90 cm. setjast ut att i elva.

«Fang og slepp»-kvoten er lik fangstkvota per sone. Når fangstkvoten for sona er landa, skal alt fiske opphøyra for inneverande døgn, også «fang og slepp».

Fisk som etter reglane skal setjast ut att, men som er så skada at den må avlivast, tilfell fiskerettshavar. Slik fisk reknast som ein del av kvota.

6. Fiskarane pliktar å respektera gjeldande fiskesonar, det er forbode å fiska nedover og oppover i neste sone. Døgn/sonekvoten kan berre nyttast på den sona/valdet fiskekortet gjeld.

7. Fiskaren og dei han har med seg, skal utvisa sunn fornuft og respektera næring og brukarinterresser angående ferdsle på eigendom til og frå fiskeplassane, ikkje køyra eller gå gjennom grasbøyar. Ein skal nytta tilvist parkeringsplass, rydda etter seg og forlata elva slik ein helst vil finna den.

8. Det er ikkje lov å settja opp telt utan løyve frå grunneigar.

9. Fiskekortet lyder på namn og kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå kortseljlar. Kvittering for fiskekort og fiskeavgift til staten skal visast på førespurnad.

10. All fangst, også fisk som vert sett ut att, **skal** rapporterast på **Elveguiden.no**. Logg på via internett på mobil, nettbrett eller PC. Dersom fangstrapport ikkje vert levert innan fristen, kan fiskaren bli utestengd. Oppdrettslaks, regnbogeaure og pukkellaks vert ikkje rekna med i kvota, men skal registrerast og takast skjelprøver ev som anna fangst.

Skjellprøvekonvoluttar er å få på Etne Camping ved desinfisering. Skjellprøvekonvoluttar leverast kortseljlar, eller Etne Camping.

11. Ved kjøp av fiskekort i Etneelva og Sjørelva, **samtykkjer** fiskaren i gjeldande fiskereglar, og pliktar å retta seg etter desse. Ved brot på desse kan fiskaren, med følge, visast bort utan rett til å få tilbakebetalt for fiskekort.

12. Etter midtsesongevaluering, kan styret i Etne Elveigarlag i samråd med fylkesmannen, gjennomføra førehandsavtala tiltak. Til dømes endring av størrelse på fisken som skal setjast ut att, endring av fangstkvotar, eller stoppa fisket.

13. Fangstbegrensing er;

For Etneelva:

2 laks per sone per døgn

Sonar med motfiske deler denne.

Sone 1 har 3 laks pr. døgn

For Sjørelva: **For Sjørelva gjeld det ein totalkvote på 5 fisk**

per fiskar i løpet av sesongen.

På Haugesund og Omegn JFF sine vald 1 og vald 2, og

Vindafjord JFL, kan ein fiska **1 fisk per fiskedøgn**, men ikkje meir enn 5 totalt

Sone 21, egne tilleggsreglar

Når vannstand er under 6 m³/sek skal det ikkje fiskast under fossen. Under fossen er det kun tillatt med floge og enkeltkrok med makk. Fiske i sjølve fossen er forbode.